



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 30.09.2015

**Sak nr.:** 15/8060-9

**Internt l.nr.** 43097/15

**Sak:** 87/15

**Tittel:** Lufthamnstruktur - høyring

**Behandling:**

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til konklusjonane i rapporten frå Avinor om framtidig lufthamnstruktur på lokale lufthamner. Innføring av fjernbetente kontrolltårn må vere godkjent og klarert av luftfartstilsynet før det vert sett i drift.
- 2 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at alle dei fire flyplassane i Sogn og Fjordane er viktige for utvikling av lokalt næringsliv og busetting i distrikta. Lufthamnene er også viktige arbeidsplassar og generer fleire arbeidsplassar utanom flyplassane. For kommunane er dette viktige arbeidsplassar. Ev. nedlegging av lokale flyplassar kan få store negative verknader for sysselsettinga i dei kommunane som eventuelt vert råka.
- 3 Fylkesutvalet oppmodar Avinor om å synleggjere ringverknader det har for næringsliv og busetnad med eventuelle endringar i flyplass-strukturen. Vi meiner at alle konsekvensar av struktur-endringar ikkje er synleggjort i rapporten til Avinor. Vi viser til dømes til at reisetid blir rekna frå kommunesenter, medan alle flyplassane har eit mykje større nedslagsfelt som gjer at delar av kommunen får lenger reisetid enn det som er skildra i rapporten.
- 4 For å unngå endringar i strukturen på dei lokale lufthamnene er det viktig at Avinor får gjennomført kostnadsreducerande tiltak i nært samarbeid med vertskommunane. Avinor og kommunane bør forsøke å finne fram til felles løysingar på samanfallande oppgåver.
- 5 Florø lufthamn er i ein spesiell situasjon ved at ruteflygingar til/frå Florø vert heilkommersielle frå 1. april 2016. Helikoptertrafikken til/frå sokkelen er avhengig av mest muleg kostnadseffektiv logistikk. Det er difor heilt avgjerande at Avinor gjer investeringar og fornyar terminalbygget ved lufthamna i Florø så snart som råd for å auke effektiviteten og redusere driftskostnadane ved lufthamna.